



NYTT
FRÅ

INSTITUTT FOR INFORMATIKK



Nr. 16 18. august 2007

Innhald

Nytt semester
Nytt frå personalfronten
Instituttleiarstillinga utlyst

Nytt semester

Vi er i gang med eit nytt semester og eg ynskjer alle velkomne til ei ny økt.

Vi har tatt imot nye bachelorstudentar til informatikk og IMØ. Med solid auke i søknad og fleire som har tatt imot tilbodet om plass har vi i haust om lag dobbelt så mange nye studentar i høve til hausten 2006 og det er vi glad for. Vi har overbooka ein del og har fleire nye informatikkstudentar enn vi har studieplass til så vi ventar eit ekstra press på datalabbane.

Det nye kurset INF109 for studentar frå andre fag har og blitt populært. Det var langt fleire søkjarar enn plassar på kurset. Vi har tatt imot 35 studentar og det er datalabben som set grensa på dette kurset.

Vi har fått eit kull nye masterstudentar, som venta ein del færre enn i 2006. Oppdelinga i formaliserte studieretningar tykkjest å ha fungert greitt og har gjort det lettare for dei nye studentane å orientera seg.

Nytt frå personalfronten

Det har kome ei rekkje nye kollegaer sidan førre II-NYTT i juni og det har vore også andre endringar.

Administrasjon og teknisk:

Marc Bezem er attende frå forkingstermin og tek over att som avløyser (nestleiar).

Siglinde Svare er tilsett som vikar for studiekonsulent (60%) til 1. juni 2008. Ho vil ha ansvar for eksamensarbeid, timeplan og administrering av IMØ.

Hege Marie Mandt, er tilsett på eit prosjekt, knytt til samordninga mellom INF100 og grunnkurset i matematikk, førebels ut 2007. Prosjektet er eit samarbeid mellom fakultetet, Matematisk institutt og vårt institutt.

Liljan Myhr skal nå arbeida primært med personalsaker.

Jan Berger Henriksen skal ha ni månader permisjon (frå 1.9) for å arbeida på innkjøpsavdelinga.

Bjørn Even Wahlstrøm er tilsett som vikar for Jan i seks månader og han har alt byrja i jobben. Han sit på Jan sitt kontor.

Vitskaplege:

Nye stipendiatar:

Seyed Mehdi Mohammad Hassanzadeh frå Iran byrja som universitetsstipendiat på Selmersenteret 25. juni.

Swati Prasad frå India byrja som prosjektsstipendiat på CBU 1.5 august.

Tre **postdoktorar** sluttar og vi takkar for innsatsen ved instituttet:

Trond Hellem Bø, CBU, har fått stilling i Stavanger.

Vebjørn Moen, Selmersenteret, har fått stilling i Sandnes.

Charis Papadopolus, Algoritmer sin periode går ut 31. august og han reiser attende til Hellas for minitærtjeneste.

Saket Saurabh er ny prosjektpostdoktor i algoritmer. Han har vore hjå oss i 9 månader som vit.ass.

Forskingsterminar:

Pinar Heggernes har starta eit års forskingstermin ved University of Oregon.

Khaled Mughal har starta eit års forskingstermin ved Cornell University.

Instituttleiarstillinga utlyst

Min åremålsperiode som instituttleiar varer ut 2007 og stillinga er no lyst ut for perioden 2008-2011:

http://melding.uib.no/doc/Ledige_stillinger/1187334260.html

Søknadsfrist er 15. september 2007.